

Rapport om Planseksjonen i HFK sitt arbeid med klimavenleg utbyggingsmønster og klimatilpassing

«Regional startpakke»

Denne sida under fana Planlegging på hordaland.no nyttar planseksjonen til å informera kommunane om ulike regionale planar og føringar, m.a. klimaplanen. Av klimarelaterte tema kan ein finna informasjonssider om «Klima og energi» (m.a. Arealbruk og transport og Klimatilpassing) og «Risiko og sårbarheitsanalyser (ROS)». Innhaldet på sidene i startpakken er meint som ei starthjelp til arbeidet med kommunale planar, og kan vere til nytte både for kommunale planleggjarar, konsulentar og tiltakshavarar. Det er ei samling av forventingar Hordaland fylkeskommune har til kommunane, og korleis planprosessane i kommunane kan møte desse forventingane praktisk, også i forhold til klimavenleg utbyggingsmønster og klimatilpassing.

Regionalt planforum

Regionalt planforum er ein møtestad der kommunar og andre forvaltingsorgan kan drøfte planar som er under arbeid, særleg kommune- og kommunedelplaner, men også regulerings- og områdeplanar. Klima- og naturressursseksjonen er representert på møta ved ulike sakshandsamarar alt etter kva som er viktige tema i planane.

Planar på høyring

Planseksjonen sender regionale planar, sektorplanar, kommuneplanar og tidvis reguleringsplanar på høyring til Klima- og naturressursseksjonen. Klimaplanen har klare mål og strategiar for temaet, og med utgangspunkt i plan- og bygningslova (PBL) og regionale planar har også planseksjonen det.

Motsegner

I forhold til klimavenleg utbyggingsmønster har planseksjonen det siste året kome med to motsegner til kommuneplanar; Voss og Fjell. Begge motsegnene gjeld senterstruktur.

Lover og forskrifter

PBL og ulike forskrifter legg føringar for planseksjonen sitt arbeid med klimavenleg utbyggingsmønster og klimatilpassing (ROS) i kommunale planar. Gjennom forskrift om KU for planar etter PBL og forskrift om KU for tiltak etter sektorlover, begge f.o.m. 01.01.15, er krava blitt skjerpa både metodisk og fagleg. I rettleiaren til KUene av 08.07.15 har m.a. vurdering av «risiko for alvorlege ulukker, ras, skred eller flom» fått større tyngde. Det ligg innanfor planseksjonen sitt ansvarsområde å gje råd til kommunane etter PBL, medan sektorlovgevinga i større grad har relevans for KNS.

Hordaklim

Planseksjonen har vore representert i prosjektet Klimaservice Hordaland (Hordaklim), ein pilot som skal skalera ned og skreddarsy klimadata til kommunar i Hordaland slik at det blir lettare for dei å tilpassa seg klimaendringar. Sidan prosjektet har fokus på kommunal planlegging, ikkje minst kommuneplanar og reguleringsplanar, er det ønskjeleg at planseksjonen framleis deltek i prosjektet. Gjennomføring i kommunane krev kompetanse i PBL som planseksjonen har.

Jordvern

Planseksjonen er også med i ressursgruppe for jordverntiltak i klimaplanen. Klimavenleg bruk av jord under og etter utbygging er her eit sentralt tema.